

**Sundag er det atter museumsdag i tre timar på Bygdetunet Rød og programmet er allsidig: Det strekkjer seg frå huldresprell til massemåleri!**

Men det opnar tradisjonelt, med friluftsgudsteneste ved soknepresten i Husnes prestegjeld Jan O. Totland.

Utstillinga av måleri laga av Stranda-målarane er ny her i traktene, men det har vore ei slik utstilling på landbruksskulen på Stend tidlegare.

Oppmodinga frå Kristian Bringedal gav som resultat at det vart meldt inn 30 bilete frå 10-12 eigarar på strekningen frå Valen til Løfallstrand. Fleire er like og omkring 20 av måleria vil bli stilt ut i lemstova.

Måleriproduksjonen i Stranda i Lindås var faktisk ei god attåtnæring frå 1940 og heilt fram til 1960 og må kallast eit målareventyr uansett kva ein måtte meine om den kunstnarlege standarden.

Det gjeld landskapsmåling md oljefargar på papp-plater, lagt til rette for masseproduksjon. Dei fleste målarane budde på garden Hølleland, best kjent under det lokale namnet Hørland. Om lag 12 personar skaffa seg utstyr og vart målarar og bileta vart selde landet over for 5-10 kroner stykket. Poduksjonen var nesten utruleg stor – eit anslag går ut på ein produksjon på 20.000 måleri årleg!

To andre tradisjonelle innslag på Rød er styltmeisterkapet og musikk ved Kvinnherad Folkemusikklag og sjølv sagt nblir kverna starta hvis det er nok vatn.

Men den siste timen blir i høgste grad utradisjonell, for den heiter huldretimen! Magdalena From Gniste og Maria Malmsten gjer det klart at særleg mannfolka bør ta seg i akt når dei to svenske huldrene kjem.

Den svenske huldra, som kallast vittran eller skogsrået, er ikkje heilt lik sin norske slektning. Ho har til dømes ikkje kum rumpe, men ein praktfull raud hale, Difor heiter førestellinga "Huldretime med svensk haleføring". Men den raude rumpa bør ein helst ikkje trakka på!

Som den norske utgåva kan svenskehuldra både lokka og forføra.

- Vittran er vill og vakker, fri og lokkande, ho kan omforma seg og har ein særeigen latter som når langt. Ho likar menneskebarn og byter gjerne med ein av sine ungar. Ho er gåvmild og hjelpsam hvis ho får det som ho vil, fortel Maria, som i Uskedalen er best kjent som den sprudlande dirigenten for "Røysterett for alle".

På Rød vil ho tralla, syngja og lokka med gamle og nye svenske folketonar – fleire av dei er eigenkomponerte. Magdalena er profesjonell danser og vil framføra heftig huldredans, som ho har koreografert sjølv.

Dei to formidlar historia om den svenske huldra, men framføringa har ei moderne form.

Sundagen etter har dei ei ny framsyning – på Storhaugsmettet på Hatlestrand.

Av Ola Matti Mathisen



Kristian Bringedal med tre av Stranda-måleria som skal visast på Rød søndag (Foto: Ola Matti Mathisen)